

Valle kommune



Kunnskapsgrunnlag

For kommunal planstrategi og
kommuneplan, samfunnsdelen 2024

Innhold

1. BEFOLKNING	2
1.1 Befolkningsutvikling.....	2
1.2 Innvandring.....	3
1.3 Flytting.....	4
1.4 Befolkningsframskriving.....	4
1.5 Oppsummering.....	7
2. BUSTAD OG HUSHOLDNINGAR	7
2.1 Bustadstal.....	7
2.2 Husholdningar.....	8
2.3 Oppsummering.....	9
3. AREAL OG NATUR	9
3.1 Arealrekneskap.....	9
3.2 Plante- og dyreliv.....	11
3.3 Vatn.....	12
3.4 Forureining.....	12
3.5 Oppsummering.....	14
4. KLIMA	14
4.1 Utslepp klimagassar.....	14
4.2 Klimagassreduksjon.....	15
4.3 Klimatilpassing.....	16
4.4 Oppsummering.....	16
5. MOBILITET	16
5.1 Trafikksikkerheit.....	17
5.2 Kollektivtransport.....	17
5.3 Digital infrastruktur.....	17
5.4 Oppsummering.....	18
6. UTDANNING OG KOMPETANSE	18
6.1 Grunnskole elevtal.....	18
6.2 Grunnskolepoeng.....	19
6.3 Skolebidragsindikator.....	19
6.4 Læringsmiljø.....	20
6.5 Vidaregåande opplæring.....	21
6.6 Utdanningsnivå.....	21
6.7 Kompetansebehov.....	21
6.8 Oppsummering.....	22
7. OPPVEKST OG LEVEKÅRSFORHOLD	23

7.1 Risikogrupper for lavinntekt	23
7.2 Barnehage.....	24
7.3 Nærmiljø.....	25
7.4 Oppsummering	26
8. ARBEIDSLIV OG NÆRINGS LIV.....	26
8.1 Sysselsetjing og næringsstruktur	26
8.2 Bo, arbeidsmarknad og pendling	28
8.3 Inntekt	28
8.4 Likestilling og inkludering	28
8.5 Arbeidsledigheit	29
8.6 Utanforskap frå arbeidslivet	29
8.7 Oppsummering	30
9. KULTUR OG FRITID	30
9.1 Kulturtilbod og kulturattraktivitet	30
9.2 Fritidstilbod.....	31
9.3 Kulturskule.....	31
9.4 Idrettsaktivitet og anlegg.....	32
9.5 Oppsummering	32
10. HELSE OG LIVSKVALITET	32
10.1 Livskvalitet og psykisk helse	33
10.2 Lokalmiljø	35
10.3 Trygghet i nærmiljøet.....	36
10.4 Vold og overgrep	36
10.5 Oppsummering	37
11. EKSTERNE HØVE.....	38
11.1 Internasjonal økonomi	38
11.2 Sikkerheitsbilete.....	38
11.3 Folkehelseprofil.....	38

1. BEFOLKNING

1.1 Befolkningsutvikling

Befolkningsutviklinga er ein av dei viktigaste føresetnadane for aktiviteten i kommunen. Både totalendringa i innbyggjartal og alderssamansetning er avgjerande for planlegginga av framtidige tenestetilbod. I perioden frå 2019-2024 blei det 14 606 fleire egdar. 62 prosent av veksten i folketalet har kome i Kristiansands-regionen.

Statusen i 2024 er at omtrent 85 prosent av innbyggjarane bur i ein av kystkommunane, og meir enn kvar tredje innbyggjar bur i Kristiansand (36,6 prosent). Det er ein global trend at fleire vel å

bu sentralt, både i by- og bygdesentrum, og det er personar mellom 19 og 30 år som flyttar oftast. Etter fylte 30 år fell flyttetilbøylegheita, og blir mindre etter alder.

Aldring, innvandring og folks ønskje om nærleik til arbeidsmarknader og tenester er dei viktigaste drivarane for denne utviklinga. Det er eit stort tal som flyttar inn og ut av Valle kommune, men nettoutflyttinga er liten i forhold til folketalet. Det er per 01.01.2024, 1205 innbyggjarar i Valle kommune, som igjen er 0,9 pers/km².

Gjennomsnittsalderen i Valle for menn er 43,8 år og for kvinner 44,8 år. Folketalet har minka mykje sidan årtusenskiftet då det var omlag 1450, men dei siste to-tre åra har utviklinga snudd til ein forsiktig auke. Per 1.1.2024 var innbyggjartalet 1205. Fødselstalet har også vore relativt høgt dei siste tre åra. Befolkingsmengda i Valle er relativt stabil, og er venta å vera stabil framover dei første kommande åra. Dog har det vore ein stabil nedgang sidan 2017. Reduksjonen i folketalet har vore størst i området Vallebø, medan ein ser ein vekst på Rysstad. Samla sett utgjer reduksjonen i Vallebø og veksten på Rysstad ein stabil nedgang.

Etter Covid har det vore eit "hopp" i fødselstalet, og ein kan håpa på at det vil kunna halda fram, men det er noko tidleg å omtala det som ein trend enno. Fødselstalet har vore høgare enn dødstalet i 2023 (fødselsoverskot på 7). I figuren under ser vi utviklinga av folketalet i Valle i absolutte tal sidan byrjinga av 2000.



Figur 2. Utvikling folketal Valle kommune. Kjelde: Telemarksforsking.

1.2 Innvandring

Befolkningsveksten i Noreg vart sterkt påverka av det store talet ukrainske flyktningar i 2022 og 2023. Desse flyktningane har vorte uregelmessig fordelt mellom regionane.

Det vart registrert eitt "hopp" i folketalet i 4. kvartal 2022 i regionen, på grunn av ukrainske flyktningar, og flyktningssituasjonen kan påverke folketalsutviklinga i åra framover. Ein auke i innvandring kan setje press på kommunale budsjett, dersom ikkje flyktningar vert sysselsette innan 12 månader etter innkomst.

Den høge innvandringa frå Ukraina førte til at dei fleste stadene fekk høgare vekst i folketalet enn forventa i 2022 og 2023. Det er interessant å sjå kor mykje av veksten i folketalet i Valle som skuldast innvandringa frå Ukraina.

Kommunen gjorde vedtak i PS 105/22 om å busette 20 flyktningar i løpet av 2023. Kommunestyret stadfesta dette i sak 42/2023. Etterspurnaden etter å busette flyktningar frå Ukraina i Noreg er større enn kapasiteten kommunane har meldt inn. Difor har det vore naudsynt å auke talet på flyktningar som kan tas imot i Valle kommune. I løpet av 2023 har Valle kommune busett 14 av dei 20 flyktningane. Den 28.06.2023 vedtok kommunen å auke talet på flyktningar som kan busettast frå 20 til 25 personar innan 2025. I tillegg kan kommunen ta imot 5 einslege mindreårige utover dei 25 personane som er nemnde. Bakgrunnen for denne avgjerda er det høge talet på flyktningar frå Ukraina som framleis aukar som ein følgje av Russlands invasjon i februar 2022.

Å ta imot flyktningar vil ha ringverknader i kommunen. Dersom flyktningane ikkje kjem ut i løna arbeid etter integrering, vil dette gå utover kommunens sosialbudsjett.

Ein rask folketalsauke vil setje press på helsetenester, barnehagar og skular.

Å busette flyktningar har òg fleire positive effektar. Flyktningar kan motverke nedgangen i folketalet i kommunen og auke mangfaldet. Dei kan vere ei ressurs i arbeidsmarknaden og vere ein økonomisk stimulans for kommunen, då dei vil ha behov for varer og tenester.

1.3 Flytting

Det er eit stort tal som flyttar inn og ut, sjølv om nettoflyttinga er liten i forhold til folketalet.

Mobiliteten er størst mellom fylke og kommunar som dannar felles bu- og arbeidsmarknadsregionar, og dei fleste flyttingane skjer innanfor eige fylke.

Innanlands flytting gjev eit viktig bilete av attraktiviteten til fylka og kommunane, og er nært knytt til tilgangen på arbeidsplassar med meir. I Agder er det klårt at berre nokre få kommunar opplever stabil innanlands tilflytting over tid, og desse kommunane er hovudsakleg lokaliserte i Kristiansandsregionen og Arendalsregionen.

Den mest markante negative netto innanlands flytting har funne stad i Setesdal over tid. Mellom 2018 og 2023 har folketalsnedgangen i Valle vore på 45 personar (-3,7 %). Innvandring til byane, aldring og ønsket om nærleik til tenester og arbeidsmarknad kan føre til at mange kommunar opplever vekst i kommunesenter og tettstader sjølv om det totale folketalsnivået går ned. I Valle si sak har Rysstad auka med 18 personar. I Vallebø derimot har folketalsnedgangen vore på heile 50 personar i same periode.

1.4 Befolkningsframskriving

En befolkningsframskriving er ein reknemåte av framtidig befolkningsstorleik og samansetjing. Ofte inkluderer denne analysen av fruktbarheit, dødelegheit, flytting og inn- og utvandring.

SSB spår ein stabil befolkningsmengd i Valle kommune. Ein liten positiv netto innvandring veier opp for negativ fødselsoverskot og netto innanlands flytting. Med auka levealder blir det ei aldrande befolkning i kommunen. Aldersbæreevna i 2022 var på 2,6, og med SSB si framskriving vil aldersbæreevna reduserast til 1,8 i 2040, om utviklinga blir som SSB har teke høgde for.

SSB er meir positive i framskrivinga enn for eksempel Telemarksforsking si. SSB meiner at utflyttinga vil bremse opp på grunn av den aldrande befolkninga. Som tidlegare vist, er

aldersgruppa 19-30 den mest tilbøyelege til å flytte. Med ei meir busett befolkning vil innvandringa ha større effekt på folketalet.

Dog skal det nemnast at med ei aldrende befolkning vil det bli færre fruktbare kvinner, noko som Telemarksforsking si meir pessimistiske framskriving legg til grunn.


Aldersbæreevna er særleg interessant for framtidens økonomiske bæreevne og for velferdstilbod og helse- og omsorgstenestene. Sjå biletet under for illustrasjon av bæreevna.



Figur 3. SSBs folketalsframskriving for Valle kommune. Kjelde: SSB.

Telemarksforsking har laga ei framskriving med fire alternativ. Denne er meir negativ enn SSB si framskriving. Dette kjem av at Telemarksforsking legg meir vekt på sentralitetskrefter og er mindre optimistiske med tanke på framtidige fødselstal. Dette baserer seg på attraktiviteten i Valle, og kor mykje folketalsveksten kan påverkast lokalt.

Det er eitt scenario der ein lukkast med å skape høg og positiv attraktivitet for busetting og næringsliv (basert på oppnåelse i andre kommunar), eitt scenario der attraktiviteten er låg, eitt der attraktiviteten er middels, eitt scenario der attraktiviteten held seg på same nivå i framtida som gjennomsnittet dei siste 10 åra, og eit for SSB si framskriving. Figuren blir vist under.



Figur 4. Telemarksforskning si folketalsframskriving, inkludert SSBs framskriving. Kjelde: Telemarksforskning.

Tabellen/prognosa viser folketal per år inndelt etter aldersgrupper - 25 år fram i tid

	2023	2028	2033	2038	2043	2048
0 - åringer	13	10	10	10	10	10
Barnehage (1-5 år)	54	50	56	57	55	51
Grunnskole (6-15 år)	115	106	109	112	119	117
Videregående (16-19 år)	59	49	43	46	41	42
Voksne (20-66 år)	674	636	606	570	543	532
Eldre (67-79 år)	200	220	197	185	179	173
Eldre (80-89 år)	55	73	95	114	114	101
Eldre (90 år og eldre)	10	9	18	22	32	39
Total	1 180	1 153	1 134	1 116	1 093	1 065

I denne prognosa (kjelde: SSB) ser ein at en kan forvente stor auke i aldersgruppa 80 - 89 år fram mot 2028 - ei auke på 18 personar, medan auken i denne aldersgruppa blir på heile 40 personar fram mot 2033. Det vil og bli ei auke for aldersgruppa 67 - 79 år i perioden fram mot 2028 - ein auke på 20 personar før den avtar i alle år etter 2028. Over tid vil også gruppa 90 år og eldre auke, men slik det er framstilt i prognosa vil ikkje det skje før omkring 2033 og frametter. I 2048 teiknar det til å bli 4 gonger så mange eldre over 90 år som i 2022. Prognosa syner at der vil vere 39 personar som er 90 år eller eldre i 2048 mot 10 i 2022.

Den store eldrebølgja, om ein tar utgangspunkt i denne prognosa, og aldersgruppene 80-89 år og eldre over 90 år, vil slå inn rundt 2033 og framover. Den største toppen vil bli rundt 2044. I

2023 er der 55 personar som er 80 år eller eldre, i 2028 vil denne aldersgruppa telje 73 personar, i 2033 vil denne aldersgruppa telje 95 personar, i 2038 vil denne aldersgruppa telje 114 personar - altså over 2 gonger fleire enn i dag.

1.5 Oppsummering

Befolkningsutviklinga er avgjerande for aktiviteten i kommunen og planlegginga av tenestetilbod. Frå 2019-2024 auka folketalet i Agder med 14 606 personar, der 62 prosent av veksten skjedde i Kristiansandsregionen. Ca. 85 prosent av innbyggjarane bur no i kystkommunane, og over ein tredjedel bur i Kristiansand. Globalt sett vel fleire å bu sentralt, spesielt personar mellom 19 og 30 år. Aldring, innvandring og nærleik til arbeidsmarknad og tenester driv denne trenden.

I Valle kommune har folketalet vore relativt stabilt, med ein auke dei siste åra etter ein periode med nedgang. Gjennomsnittsalderen er henholdsvis 43,8 år for menn og 44,8 år for kvinner. Innvandring, aldring og ønskje om nærleik til tenester og arbeidsmarknad påverkar folketalsutviklinga.

Innvandring, spesielt frå Ukraina, har påverka folketalsveksten. Kommunen har auka talet på flyktningar som kan busettast for å imøtekoma etterspurnaden. Dette har både positive og negative konsekvensar for kommunen, inkludert press på sosialbudsjetta og behovet for helsetenester, men òg auka mangfald og potensielle økonomiske bidrag.

Flyttemønstera viser at dei fleste flyttingane skjer innanfor eigne fylke og mellom kommunar som danner felles bu- og arbeidsmarknadsregionar. Setesdal har opplevd negativ netto innanlands flytting over tid, medan nokre få kommunar i Agder-regionen opplever stabil innanlands tilflytting.

Befolkningsframskrivinga viser ei forventa stabil befolkningsmengd i Valle kommune, med ein liten positiv netto innvandring som balanserer negativ fødselsoverskot og innanlands flytting. Alderssamansetjinga vil endrast med ei aukande eldre befolkning, noko som kan påverka velferdstenester og økonomisk bereevne. Prognosane varierer, med SSB si framskriving som meir optimistisk enn Telemarksforsking si, som vektlegg lokale faktorar som attraktivitet og fødselstal.

2. BUSTAD OG HUSHOLDNINGAR

2.1 Bustadstal

Over 90% av befolkninga på Agder bur i byar, kommunesenter og tettstader. Dette er ein global trend, og sannsynlege drivkrefter for dette er eit ønskje om å bu nær tenester, nærleik til arbeidsmarknad, og at innvandringa skjer mot dei mest sentrale områda i kommunane.

Regionplan Agder 2030 har fem tema som skal vera hovudsatsingsområde. Eitt av dei er Attraktive og livskraftige byar, tettstader og distrikt. Delmål fram mot 2030 er blant anna:

- å utvikle byar, tettstader og bygdesentera kompakt og med kvalitet, inkluderande bustadområde og møteplassar.
- at fleire har tilgang på bustad og bustadområde tilpassa sin livssituasjon.

Det var i 2022, 689 bustader av ulike slag i kommunen. I perioden 2017-2022 vart det igangsett omlag 7 bustader i året.

Per i dag har vi ikkje oversikt over talet på eigedommar utan fast busetjing. Ifølgje statistikk frå SSB i 2022 var det 563 hushaldningar i kommunen. Differansen kan gi ei indikasjon på talet eigedommar utan fast busetjing.

Fleire av grendene i kommunen er prega av at mange eigedomar vert nytta som fritidsbustader. Til dømes har relativt sentrumsnære område som Berg, Åmli og Nomeland i Valle få hus med fast busetjing. Bruken av eigedomane utan heilårsbusetjing varierer naturleg nok mykje, men manglande heilårsbruk gjer at kommunen taper skatteinntekter, lokalt næringsliv går glipp av omsetjing og lokalsamfunnet misser ofte verdifullt friviljug engasjement.

Det er i hovudsak einebustader folk bur i, i Valle kommune. Så mykje som 70% av befolkninga bur i einebustad. Under viser fordelinga i ulike bustadtypar.




Figur 5. Boligmasse fordelt på bygningstype i Valle kommune. Kjelde: Agdertall.

2.2 Hushaldningar

Talet aleinebuande har vore aukande på landsbasis sidan tidleg i førige århundre, og per 2023 utgjer dei 39,3 prosent av alle hushaldningar. Talet hushaldningar som består av par utan heimebuarande barn er òg aukande, og ligg på 25,2 prosent i 2023.

Talet aleinebuande og par utan heimebuarande barn i kommunen, utgjer dermed i 2023 til saman 64,5 prosent av alle.

I Valle kommune er det per januar 2024, 1572 fritidsbustader.



Figur 6. Privathusholdninger etter husholdningstype. Kjelde: Agdertall.

2.3 Oppsummering

Meir enn 90% av Agders befolkning bur i byar, kommunesenter og tettstader, ein global trend drive av ynsket om nærleik til tenester og arbeidsmarknad, samt innvandring mot sentrale område. Regionplan Agder 2030 fokuserer på fem hovudsatsingsområde, inkludert Attraktive og livskraftige byar, tettstader og distrikt, med delmål som å utvikle kompakte og kvalitetsrike bustadområde.

I Valle kommune, med 689 bustader i 2022, er det ein vesentleg del av desse som vert nytta som fritidsbustader eller står tome, særleg i grendene. Einebustader dominerer bustadstrukturen, med 70% av befolkninga busett i slike. Nasjonalt aukar delen av åleinebuande og par utan barn, som utgjer 64,5% av hushaldningane i i Valle kommune i 2023.

3. AREAL OG NATUR

Det er i dag ein aukande erkjenning av at vår åtfærd kan vere øydeleggjande for det biologiske mangfaldet på jordkloden. Dette medfører at det er blitt viktigare å ha eit gjennomtenkt forhold til korleis vi nyttar og bevarer naturareala.

Ifølgje SSB var ca. 46 % av Noregs landareal mindre enn ein kilometer unna bilveg. For artar som treng store habitatområde som ikkje er påverka av trafikk, er store delar av landet ikkje eigna.

Villreinen er ein arealkrevjande art som opplever at leveområda blir fragmenterte.

I desember 2022, kom ein fram til einigheit om ein ny naturavtale. Avtalen blir kalla «Kunming-Montreal Global Biodiversity Framework (GBF)» og vart vedteken på den siste dagen av FNs naturtoppmøte COP15, måndag 19. desember 2022. Avtalen skal bidra til å stoppe den menneskelege øydelegginga av natur og starte arbeidet med å gjenopprette det som allereie har gått tapt.

Avtalen har fire mål og 23 delmål som alle land på COP15 forplikta seg til å nå innan 2030. I tillegg til denne nye avtalen er det tidlegare inngått fleire andre relevante internasjonale avtalar som omhandlar å ta vare på naturen.

3.1 Arealrekneskap

Arealregnskapet for Agder i 2022 inneheld informasjon om kva areal som er utvikla og/eller bygd på. Det inneheld informasjon om arealtyper og dekning, arealformål og utsleppsfaktorar.

Alle arealtal som vert oppgitt er i dekar. 1 dekar = 1000 kvadratmeter. 1000 dekar = 1 kvadratkilometer.


Å føre arealregnskap er utfordrande, og derfor vert rekneskapet oppdatert kvart fjerde år. Eit slikt rekneskap er viktig for beslutningsgrunnlaget i arealrelaterte saker.

Arealregnskapet for Valle kommune er utarbeidd basert på gjeldande kommuneplan (arealplan), digitale arealplanar, arealressursdata og SSB sitt datasett for arealbruk.


Arealregnskapet for Valle (2022) viser at 56% av Valle er dekt av open fastmark, 27% skog, 11 % ferskvatn, 5 % myr, og fulldyrka jord utgjer 0,6%. Bebyggd areal og samferdsel utgjer til saman 0,5%. Omlag 38% av arealet i Valle kommune er verna etter naturmangfaldlova.

Rekneskap frå 2022 viser at Valle har sett av store areal, særleg til fritidsbustader. Totalt er det sett av byggeområde i natur tilsvarande 7 dekar per innbyggjar.

Gjeldande planar opnar for utbygging av nesten 5 000 dekar skog og 800 dekar myr.



Figur 7. Arealrekneskap for Valle kommune. Kjelde: Agdertall.



Figur 8. Antatt planreserve. Kjelde: Agdertall.

Det er eit stort fokus på bevaring av myr, dyrka mark og karbonrik skog i dei sentrale retningslinjene for arealdisponering. Planlagde byggeområde som framleis har resterande utbyggingspotensiale, berører natur med bevaringsinteresser i ulik grad.

3.2 Plante- og dyreliv

Den største trusselen mot naturmangfaldet i Noreg er at leveområda for dyr og planter blir øydelagde og delt opp. Naturreservat, nasjonalparkar og andre verneområde bidrar til å sikre naturverdiar og bevare område av internasjonal, nasjonal og regional verdi.

Det største verneområdet i Agder er Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene landskapsvernområde, som skal sikre villreinens leveområde.

Samla sett er størsteparten av Valle kommune bunde av avgrensingar og vern. Totalt sett står kommunen att med 8,5% av kommunens totalareal, som er disponibelt for utnytting. Se tabell nedanfor.

Tabellen fylt inn:

Kommunenavn:	Valle
Fylke:	Agder
Totalt areal:	1265 km ²
Juridisk vern, i km ² og %	995 km ² , 79%
Fysiske begrensninger, km ² og %	457 km ² , 36%
Disponibelt for utnytting, km ² og %	108 km ² , 8,5%
Merknader:	I disponibelt for utnytting har jeg tatt arealet til bygdeutviklingssona (eneste areal uten juridisk vern) og trukket fra de fysiske begrensningene gitt av aktsomhetskart for snø- og steinsprang, jord- og flomskred, og flom, samt arealene av dyrka mark.

Figur 9. Kartlegging av areal i Valle kommune. Kjelde: Valle kommune.

3.3 Vatn

Vasskvaliteten i vassregionen er god, men ein står overfor store utfordringar, særleg med krypsiv. I tillegg kjem faktorar som forureining og konsekvensar av vasskraftregulering, innførte artar og sjukdomar.

I tabellen nedanfor ser ein årsaker til redusert vasskvalitet, samt dominerande årsaker i raudt. I Otra er det langtransportert forureining og vasskraft som er dei dominerande årsakene til redusert vasskvalitet.


Navn	1	2	3	4	5
Otra	Langtransportert forurensning	Vannkraft	Introduserte artar og sykdommer	Industri	Urban utvikling
Gjerstad - Vegår	Langtransportert forurensning	Introduserte artar og sykdommer	Vannkraft	Jordbruk	Vegtransport
Nidelva	Langtransportert forurensning	Introduserte artar og sykdommer	Vannkraft	Jordbruk	Urban utvikling
Tovdal	Langtransportert forurensning	Vannkraft	Vegtransport	Annen eller ukjent	Introduserte artar og sykdommer
Mandal - Audna	Langtransportert forurensning	Vannkraft	Jordbruk	Introduserte artar og sykdommer	Urban utvikling
Lygna	Langtransportert forurensning	Jordbruk	Kysttransport	Industri	Avløpsvann
Sira-Kvina	Langtransportert forurensning	Vannkraft	Gravedrift	Annen eller ukjent	Urban utvikling

Figur 10. Årsakar til redusert vasskvalitet. Kjelde: Agdertall

3.4 Forureining

Avløpsrensing er ein heilt nødvendig teneste og funksjon i dagens moderne samfunn. Daglege gjerningar som oppvask, dusjing, vask av klede eller å spyle ned etter oss på toalettet, er alle aktivitetar som genererer avløpsvatn. I Valle kommune er 17% av innbyggjarane ikkje tilknytt reinseanlegg som oppfyller reinsekrava.

Andel innbyggere tilknyttet renselanlegg der renskravene IKKE er oppfylt




Figur 11. Talet innbyggjarar som ikkje er tilknytt reinseanlegg som oppfyller reinsekrava. Kjelde: Agdertall

EU-landa sette i 2018 som mål at halvparten av alt hushaldningsavfall skal gjenvinnast i kvart enkelt EU-land innan 2020, 60 prosent gjenvinning innan 2030, og 65 prosent gjenvinning av alt hushaldningsavfall innan 2035.

Dette inneber mellom anna nye krav til materialgjenvinning av avfall som vert samla inn lokalt (av kommunane).

Som ein kan sjå av tabellen under, ligg Valle kommune relativt lågt på levering av hushaldningsavfall til gjenvinning i Agder. Valle ligg jamt med resten av Setesdals kommunane, men under gjennomsnittet i fylket.



Figur 12. Andel husholdningsavfall levert til materialgjenvinning. Kjelde: Agdertall.

3.5 Oppsummering

Ein betydeleg del av kommunens areal er verna etter naturmangfaldlova. Lokalt rekneskap viser at det gjenstår i underkant av 10% av kommunens areal som ikkje er bandlagt og kan utnyttast. Dette stiller krav til nøye planlegging for å balansere utviklingsbehov og naturvern.

Naturvernet i kommunen fokuserer på å bevare viktige område for dyre- og planteliv, som nasjonalparkar og naturreservat. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene landskapsvernområde er eit slikt område som er dedikert til å sikre villreinens leveområde. Samstundes eksisterer utfordringar knytt til vasskvalitet, avfallshandtering og avløpsrensing.

Arealregnskapet for Valle (2022) viser at 56% av Valle er dekt av open fastmark, 27% skog, 11 % ferskvatn, 5 % myr, og fulldyrka jord utgjer 0,6%. Bebygd areal og samferdsel utgjer til saman 0,5%. Ca 38% av arealet i Valle kommune er verna etter naturmangfaldlova.

Samla sett er det sett av byggeområde i natur tilsvarande 7 dekar per innbyggjar.

Gjeldande planar opnar for utbygging av nesten 5 000 dekar skog og 800 dekar myr.

Planlagde byggeområde som framleis har resterande utbyggingspotensiale, berører natur med bevaringsinteresser.

4. KLIMA

4.1 Utslepp klimagassar


Klimaendringar er ein global utfordring. Regionen og kommunane må handtere hendingar som følge av meir ekstremvær og gjennomføre utsleppskutt for å oppfylle Parisavtalen.

Regionplan Agder 2030 seier at målet i Agder er å redusere klimagassutsleppa med 45 prosent innan 2030 og bli eit lavutsleppssamfunn innan 2050.

Electric Region Agder er visjonen om å skape verdas første heilelektriske samfunn med 100% rein energi innan 2030. Agder må kutte 45% av sine CO₂-utslepp for å nå Parisavtalen. Difor blir elektrifisering viktig med tanke på Agders store overskot av fornybar vasskraft.

I Valle kommune har det vore fokus på å fremje ein godt utbygd ladeinfrastruktur, og det pågår framleis prosjekt som ikkje er avslutta, der det skal etablerast ladestasjonar for personbilar og større køyretøy. Kommunen har også skaffa seg elektriske bilar som tenestebilar.

Figuren under viser klimagassutslepp per sektor i Valle kommune.



Figur 13. Klimagassutslipp per sektor i Valle kommune. Kjelde: Agdertall.

4.2 Klimagassreduksjon

Agder fylkeskommune sin strategi for å redusere klimagassutslippa i Agder går ut på å elektrifisere samfunnet ved å erstatte fossil energi med fornybar elektrisitet, samstundes som dei legg til rette for grøn næringsutvikling som nyttar det store kraftoverskotet i regionen. Visjonen er å gjera Agder til verdas første heilt elektriske og heilt fornybare samfunn.

Sidan 2009 har Valle kommune hatt ein nedgang i klimagassutslippa. Denne nedgangen har vore særleg stor innan vegtrafikken, truleg på grunn av fleire elbilar. Kommunane i Setesdalen har tilrettelagd med god ladekapasitet. I 2017 var klimagassutslippa (målt i tonn CO₂-ekv) på omlag 13 500. Sidan den gang har det vore ein nedgang, og i 2022 var klimagassutslippa rekna til 9 273 tonn CO₂-ekv.



Figur 14. Klimagassreduksjon i Valle kommune. Kjelde: Agdertall/Electric Region Agder.

4.3 Klimatilpassing

Valle kommune står overfor utfordringar knytt til klimaendringar og må ta grep for å tilpasse seg dei framtidige endringane. Auka temperaturar, endra nedbørsmønster og potensielle ekstreme verendingar vil bli vanlegare i framtida.

Landbruket, som er ein viktig del av Valle si identitet og økonomi, står overfor særskilte utfordringar som følgje av klimaendringane. Endra nedbørsmønster kan påverke avlingar og vassforsyning, med potensielle konsekvensar for matproduksjon og økonomi.

Eit anna viktig område å vurdere er vassforvaltning og flaumvern. Med auka nedbørsmengder kan det oppstå behov for betre dreneringssystem og flaumverntiltak for å redusere risikoen for skader på eigedomar og infrastruktur.

I tillegg er det viktig å vurdere konsekvensane for naturmangfaldet og økosystema i kommunen for å kunne sikre dei nasjonale måla for naturmangfald og friluftsliv.

Endra klima kan påverke leveområda til ulike plante- og dyreartar, og det er derfor avgjerande å ta vare på og gjenopprette naturverdiar for å oppretthalde biologisk mangfald.

Samfunnet som heilskap står også overfor utfordringar knytt til klimaendringar, inkludert behovet for å tilpasse bygningsstruktur, infrastruktur og samfunnsplanlegging for å redusere sårbarheita mot ekstreme verendingar.

Klimatilpassing er ein kompleks og langsiktig prosess som krev samarbeid på tvers av ulike sektorar og nivåa av samfunnet. Valle kommune er forplikta til å jobbe mot ein berekraftig og resilient framtid, der tiltak for klimatilpassing er ein sentral del av strategien for lokalsamfunnet sitt velvære og framgang.

Saman med klimaendringar er samfunnsendringar som urbanisering og avhengigheit av teknologi viktige drivarar for ny og auka risiko og sårbarheit på dei fleste områda i samfunnet.

Desse samansette utfordringane krev ei anna tilnærming til planlegging, der risiko- og sårbarheitsanalyser og kartlegging av naturfare er viktige verktøy for å gjere gode vurderingar i samfunnsplanlegginga.

4.4 Oppsummering

Agder står overfor klimaendringar og må redusere klimagassutsleppa med 45% innan 2030 for å oppfylle Parisavtalen. Valle kommune prioriterer elektrifisering med godt utbygd ladeinfrastruktur og innføring av elektriske tenestebilar. Klimatilpassing er nøkkelen for å handtere endra nedbørsmønster og auka ekstremvêr. Samarbeid på tvers av sektorar er avgjerande for å sikre ein berekraftig framtid for Valle.

5. MOBILITET

Det er eit relativt dårleg kollektivtilbod i kommunen, utanom skuleskyssen. Den største delen av befolkninga nyttar privatbil, og Valle kommune ligg dermed over gjennomsnittet i landet når det

gjeld bruk av privatbil. Undersøkingar viser at innbyggjarane i Agder opplever å ha god tilgang til sykkelveggar.


5.1 Trafikksikkerheit

Arbeidet med trafikksikkerheit byggjer på nullvisjonen: Målet er at det ikkje skal skje ulykker med drepne eller alvorleg skadde i transportsystemet. Nullvisjonen krev langsiktig og strategisk arbeid over tid. Frå 1999 til 2022 har det vore 5 drepne og 19 hardt skadde i trafikken i Valle kommune.

5.2 Kollektivtransport

Gode tilbud til ungdom i nærområdet er viktig for trivsel og tilhørslse. Kor nøgde ungdommane er med kollektivtilbudet varierer mykje mellom ulike område, noko som Ungdata-data viser. Dette peikar på at kommunane kan gjere mykje for å tilretteleggje for ungdommane si trivsel.

Berre 15% av ungdomsskuleelevane i Valle kommune meinte i 2022 at kollektivtilbudet der dei bur var bra.



Figur 15. Prosentdel som synes kollektivtransport tilbudet er bra. Kjelde: Agdertall.

5.3 Digital infrastruktur

Breiband blir levert med høg fart til nesten 75% av bustadane i kommunen. Likevel manglar det nokre bustader med denne farten og tilgangen. Desse har då tilgang på varierende grad av hastigheit. Det er uvisst om 3G, 4G og 5G kan kompensere for denne mangelen i dei områda det gjeld. Både Telenor og Telia seier at fiberdekninga ikkje kan koma til å gi ei dekningsgrad på 100% av alle bustadane i kommunen når det gjeld "bakkefast" fiber. Samtidig viser det seg at å oppgradere dei siste prosentane som har dårleg breibands knyting, vil bli svært kostbart.

Det er mindre breibanddekning hos fritidsbustadar, og det er også uvisst om trådløst breiband kan kompensere for dette i desse områda. Fritidsbustader i Brokke ser likevel ut til å ha god dekning via trådløst nett med 4G og 4G+, men ingen 5Gdekning. Det må nemnast at fiberdekninga i hytteområda ikkje treng å vera eit spørsmål om tilgjenge, men kanskje eit spørsmål om ønske. Dette er ikkje kartlagt.

Den trådlause teknologien tilgjengeleg i dag vil ikkje klara å matcha farten til breibands-/fiberdekninga. Dei urbane delane av kommunen har god trådløst dekning via 4G, 4G+ og 5G, men dekninga varierer etter kva teknologi som er tilgjengeleg på dei ulike områda. I heiane manglar det god trådløst dekning generelt.

Det må nemnast at 5G-teknologi dekkjer Valle sentrum og snart Flateland, men ikkje urbane delar av Rysstad. Som beskrive over, er 5G-teknologi viktig for industrien i framtida, og burde vert etablert i Rysstad med tanke på industriområda.

Per mai 2024 er det ikkje meldt om pågåande arbeid i Valle kommune som forbetrar dekningsgrada.



Figur 16. Breibandsdekning husstandar i Valle kommune. Kjelde: Nkom.

5.4 Oppsummering

Valle kommune har eit relativt dårleg kollektivtilbod, og hovudsakleg blir privatbil brukt blant innbyggjarane. Kommunen har god tilgang på sykkelveggar.

Trafikksikkerheitsarbeidet følgjer nullvisjonen, som har målet om ingen drepte eller hardt skadde i trafikken. Ungdommens tilfredsheit med kollektivtilbodet varierer, og berre 15% av ungdomsskuleelevane synest tilbodet er bra.

Breiband er tilgjengeleg med høg fart til nesten 75% av bustadane, men det manglar framleis dekning på enkelte område. Fiberdekninga i hytteområda er ikkje fullstendig kartlagt, og trådløs teknologi kan ikkje matcha hastigheita til fiber. Urbane område har god dekning med 4G, 4G+, og 5G, men dekninga varierer i heiane.

5G-teknologi er viktig for industrien i Rysstad, men dekninga er foreløpig avgrensa. Det er ingen kjende planar for å forbetra dekningsgraden i Valle kommune per i mai 2024.

6. UTDANNING OG KOMPETANSE

Utdanning er nøkkelen til arbeidsmarknaden og påverkar deltakelsen i arbeidslivet, økonomisk situasjon og helsetilstanden. Noreg har eit høgt utdanningsnivå samanlikna med dei fleste andre land. God utdanning handlar om å sikre dei beste moglegheiter for flest mogleg, med tanke på overgang frå opplæring og utdanning til arbeidsmarknaden.

6.1 Grunnskole elevtal

I figuren viser tala ein stabil nedgang i talet på elevar i grunnskulen frå 2000 til 2024.



Figur 17. Talet elevar fordelt på klassetrinn. Kjelde: Agdertall.

6.2 Grunnskolepoeng

Samanlikninga av grunnskulepoeng viser at grunnskulen i Valle gjer det bra og ligg i det øvre sjiktet samanlikna med Agder og på landsbasis. Poengsummen i Valle har vore stabil dei siste åra.



Figur 18. Grunnskolepoeng. Kjelde: Agdertall.

6.3 Skolebidragsindikator

Skolebidragsindikatorane skal gje ein peikepinn på kva skolens innsats betyr for elevanes læringsresultat. Desse indikatorane skal brukast i det lokale arbeidet med skoler og må sjåast i samband med anna informasjon om skolen. Dersom skolens bidrag er likt med landsgjennomsnittet, er skolebidraget null. Ein positiv verdi tyder at skolen bidrar meir enn landsgjennomsnittet, medan ein negativ verdi tyder at skolen bidrar mindre enn landsgjennomsnittet. Det er ein viss grad av usikkerheit knytt til desse tala, særleg for små skolar.

Ein skolebidragskalkulator kan tolkast som forskjellen mellom det elevane faktisk oppnår og det vi forventar at dei skal oppnå, med omsyn til elevanes føresetnader.

Skolebidraget i Agder er under det nasjonale resultatet.

Når det gjeld Valle kommune, er kommunen ikkje rekna med i berekningane for småskolen, men for mellomtrinnet er Valle kommune rangert med høgast poengsum og over gjennomsnittet.




Figur 19. Skolebidrag. Kjelde: Agdertall.

6.4 Læringsmiljø

Utdanningsdirektoratet si elevundersøking viser at grunnskulen gjer det bra når det gjeld læringsmiljø. Elevane på 10. trinn skårar høgare enn både Agder og landsgjennomsnittet når det kjem til trivsel, motivasjon og læringskultur.

På 7. trinn er skåren noko lågare når det gjeld trivsel og læringskultur, medan motivasjonen ser ut til å vere jamn med både Agder og landsgjennomsnittet.



Last ned datasett

Kilde: trivsel, motivasjon, læringskultur - I Utdanningsdirektoratet

Kilde: mobbing - I Utdanningsdirektoratet

Figur 20. Resultat læringsmiljø. Kjelde: Agdertall.

6.5 Vidaregåande opplæring

Fullført og bestått vidaregåande opplæring er ein av dei viktigaste føresetnadene for å delta i arbeids- og samfunnslivet og for å unngå utanforskap både i dagens og i framtidens samfunn. Utdanning og kvalifisering er òg ein viktig faktor for integrering.

Gjennomføringsgraden i vidaregåande opplæring for ungdommar frå Valle kommune ligg på 79 %, noko som er rett under gjennomsnittet for fylket på 80 % og for landsgjennomsnittet på 81 %.

6.6 Utdanningsnivå


Det er tydelege samanhengar mellom utdanningsnivå, økonomiske levekår og helse.

Arbeidslivet i Agder har eit stort behov for kompetanse. Både for kvinner og menn har det vore ein jamn auke i delen med høgare utdanning dei siste åra, sjølv om utdanningsnivået i Agder tradisjonelt er noko lågare enn landsnittet. På lik linje med resten av landet, blir det stadig fleire kvinner enn menn med kort høgare utdanning på høgskole- og universitetsnivå.

Sosial bakgrunn og forelderens utdanningsnivå spelar ei stor rolle for kven som vel å studere og korleis det går med studiane.

Figuren under viser utdanningsnivået i kommunen i 2022, samanlikna med fylket og landsgjennomsnittet.

Valle kommune ligg under fylket og landsgjennomsnittet for alle typar utdanning, bortsett frå vidaregåande opplæring. Der ligg kommunen klart høgare enn gjennomsnittet.



Figur 21. Utdanningsnivå. Kjelde: Agdertall.

6.7 Kompetansebehov

Endringar i samfunnet og arbeidslivet skjer raskt. Framtidige satsingar må byggje på samfunnstrendar og kunnskap om dagens og morgondagens arbeidsliv.


Fylkets kompetansepilot-prosjekt viser at i Setesdals regionen, svarar over 60% av respondentane at dei har eit udekt kompetansebehov, og 75% av desse ønsker å tilby etter- og vidareutdanning til medarbeidarane sine.

Bedrifter er bekymra for å henge med i den teknologiske utviklinga og peikar på behovet for å tenkje nytt kring kompetanseheving for fagarbeidarar. Bortsett frå kurs og sertifiseringar, er den mest aktuelle utdanninga fagbrev (vidaregåande nivå).

Behovet for yrkesfagleg utdanning er stort. Per 2021 er det berre 2 lærekontraktar i kommunal sektor for yrkesfag, og i privat sektor er det 6,5 lærekontraktar per 1000 innbyggjarar. Spørsmålet kan sjåast som om det blir utdanna nok lærlingar i Valle kommune.

Figur 22 viser mangelen på arbeidskraft i forhold til produksjon av lærlingar i Agderregionen. 15 % av verksemdene som har svara på NAV si bedriftsundersøking for Agder, seier at dei har mislykkas med å finne tilsette med rett kompetanse dei siste tre månadene, medan 10 % av bedriftene måtte tilsetje nokon med lågare eller annan formell kompetanse.

Bransjane som har hatt størst problem med å finne kvalifiserte tilsette (blå del av stolpane under), er helse- og sosialtenester og undervisning. Her har ein av fem bedrifter hatt problem med rekruttering. Dei totale rekrutteringsproblema er størst innan dei to nemnde bransjane, i tillegg til produksjon av metallvare. Innan sistnemnde bransje har 25 % av verksemdene rekruttert tilsette med lågare kompetanse (raud del av stolpane under).



Figur 22. Mangel på kompetanse i Agder. Kjelde: NAV.

6.8 Oppsummering

Utdanning spelar ein avgjerande rolle for deltaking i arbeidslivet, økonomisk situasjon og helse. Valle kommune gjer det godt når det gjeld grunnskolepoeng og skolebidragsindikatorar, spesielt på mellomtrinnet. Elevundersøkingar syner at grunnskulen i Valle har eit positivt læringsmiljø og høg trivsel på 10. trinn.

Agder har eit stort behov for kompetanse i arbeidslivet, og det er ein aukande tendens mot høgare utdanning, særleg blant kvinner. Sosial bakgrunn og forelderens utdanning påverkar utdanningsval og suksess i studiane.

Valle kommune ligg under fylket og landsgjennomsnittet på fleire utdanningstypar, men over gjennomsnittet når det gjeld vidaregåande opplæring.

Det er viktig å følgje med på samfunnstrender og tilpasse satsingar for å møte framtidige kompetansebehov.

Kompetansepilot-prosjektet i Setesdals regionen syner behovet for etter- og vidareutdanning, særleg blant fagarbeidarar.

7. OPPVEKST OG LEVEKÅRSFORHOLD

Oppvekst- og levekårsforhold er viktige faktorar som påverkar folkehelsa. Levekår handlar om dei objektive og materielle ressursane som ein innbyggjar har eller bør ha tilgang til, som utdanning, arbeid, inntekt, gode buforhold og fritidsmoglegheiter.

Begrepet blir ofte brukt i samanheng med oppvekstvilkår og/eller livskvalitet. Oppvekstvilkår definerast som dei omstenda ein veks opp under, som inkluderer fysiske, materielle, geografiske, psykiske og sosiale forhold. Livskvalitet blir omtala i kapittelet om helsetilstand.

7.1 Risikogrupper for lavinntekt

I Noreg har vi små forskjellar, høg levestandard og stor grad av tryggleik samanlikna med andre land. Men forskjellane er i ferd med å auke, også her i landet. Vi har eit betydeleg tal barn som veks opp i familiar med varig låg inntekt. Desse barnefamiliane er ulike, og mange av barna som veks opp i dei gjer det bra. Likevel kan det å vekse opp med varig låg inntekt føre med seg risiko for fleire uheldige konsekvensar. Talet barn som veks opp i låg inntekt har auka dei siste 20 åra. Sidan tusenårsskiftet har talet blitt tredobla. I 2022 voks 10,9 prosent av alle barn i Noreg opp i ein familie med varig låg inntekt.

Talet personar med varig låg inntekt for alle aldersgrupper i Valle kommune ligg under gjennomsnittet for fylket og landet, med ein prosentdel på 7,6 %.



Figur 23. Talet personar med vedvarande lavinntekt. Kjelde: Agdertall.

Det er fleire årsakar til låginntekt, som auken i barn med innvandrarbakgrunn, der foreldra har låg utdanning og svak yrkestilknytning, er også ein faktor. Det er også ein stor del barn som veks opp med ein einsleg forsørgjar eller med foreldre som har fysisk eller psykisk sjukdom, rusproblem eller funksjonsnedsetting. Ein stor del av foreldra i låginntektsfamiliane har lite utdanning og svak tilknytning til arbeidsmarknaden.

Annan årsak kan handle om den generelle inntektsutviklinga i Noreg dei siste 20 åra. Trass i ei høg inntektsutvikling generelt, har barnefamiliar hatt ei svakare inntektsutvikling samanlikna med hushaldningar utan barn.

Ein tredje forklaringa er at stønader og offentlege overføringar ikkje har auka like mykje som lønsvæksten, noko som gjer at inntektsgivande arbeid har blitt viktigare for barnefamiliar enn før.


7.2 Barnehage

Barnehagen har ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og kan bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barnehagen skal vera ein frivillig, fullverdig del av utdanningssystemet.

Gode barnehagar bidreg til å fremje psykisk helse, styrke barn si kognitive utvikling, deira reseptive og ekspressive språkutvikling, og deira lese- og matteferdigheiter. Dette motverkar utanforskap, som er ein av dei viktigaste risikofaktorane for utvikling av psykiske helseproblem blant barn og unge.

Talet barn som går i barnehage er høg. I Agder går 83,9 % av alle 1-2-åringar i barnehage. Dette er noko lågare enn landssnittet, medan 96,8 % av 3-5-åringar går i barnehage, noko som er på lik linje med landet.

Talet barn i barnehage for barn 1-5 år i Valle kommune er 100 %, noko som er over gjennomsnittet i fylket.




Figur 24. Talet barn i barnehage, 1-2 år. Kjelde: Agdertall.


7.3 Nærmiljø

Nærmiljøet er eit samleomgrep for dei ulike fysiske og sosiale forholda i eit lokalsamfunn. Det inkluderer trafikkforhold, samfunnstenester og kommersielle tilbod, barn sin leik og moglegheiter for friluftsliv. Tilgang til helsefremjande nærmiljø og gode lokalsamfunn er viktig for folkehelsa.

Både på ungdomsskolenivå og barneskolenivå er elevane i Valle kommune, over både fylkes- og nasjonssnittet når det gjeld følelse av tryggleik og tilfredsheit med lokalmiljøet for året 2022.



Figur 25. Tilfredsheit og tryggleik – Barneskule. Kjelde: Agdertall.



Figur 26. Tilfredsheit og tryggleik – Ungdomsskule. Kjelde: Agdertall.

7.4 Oppsummering

Oppvekst- og levekårsforhold spelar ei avgjerande rolle for folkehelsa. Levekår handlar om tilgangen til ressursar som utdanning, arbeid, inntekt og gode bustadtilhøve. Oppvekstvilkår refererer til dei omstenda ein veks opp under, inkludert fysiske, materielle, geografiske, psykiske og sosiale forhold. I Noreg, sjølv om forskjellane er små samanlikna med andre land, aukar dei, særleg for barn som veks opp i familiar med vedvarande låg inntekt. Barnehagen spelar ei viktig rolle i å jamne ut sosiale forskjellar og fremje psykisk helse hos barn. Nærmiljøet, inkludert tilgangen til helsefremjande ressursar og friluftsliv, påverkar også folkehelsa. I Valle kommune er talet barn i barnehage og tilfredsheit med lokalmiljøet over gjennomsnittet for fylket, noko som indikerer positive levekårsforhold.

8. ARBEIDSLIV OG NÆRINGS LIV


8.1 Sysselsetjing og næringsstruktur

I 2021 var Valle kommune blant dei kommunane med høgast sysselsetjingsgrad i fylket, med ein aldersjustert sysselsetjingsgrad på 82,8%. Berre Sirdal og Åseral låg noko over. Sysselsetjingsgraden er over landsgjennomsnittet.

Av arbeidsplassane er 44,2% i kommunal forvaltning, medan 47,7% er i privat sektor. Resten jobbar i offentleg eigde verksemdar og i statsforvaltninga. Talet på tilsette i privat sektor er mykje lågare enn gjennomsnittet for Agder.

I Setesdalsregionen er det ein relativ vekst innan bygg- og anleggsverksemd, private helsetenester, barnehage og undervisning, og i forretningstenester.


Syssetjingsgraden i 2022, for personar mellom 15 og 74 år i Setesdal samla sett, var på 72,9%, noko som plasserer det blant dei 29 beste i landet. Figur 27 viser arbeidsplassveksten i Setesdal frå 2013 til 2022, dekomponert i ulike drivkrefter. Arbeidsplassveksten er lik 0%, med ei liten oppgang i det private næringslivet og ein liten nedgang i det offentlege. Setesdalsregionen har ein 8,6% lågare arbeidsplassvekst enn landsgjennomsnittet frå 2013 til 2022.



Figur 27. Arbeidsplassvekst i Setesdal 2013-2022. Kjelde: Telemarksforsking.

Data syner ei overlevingsstatistikk blant verksemdar i Valle kommune som er noko høgare enn resten av landet, og det har vore lite endring frå 2000-talet og fram til i dag når det gjeld nyetableringar og konkursar. Tala har vore stabile dei siste tiåra. Behovet for arbeidskraft hjå verksemdar i Valle er for tida stort. Figur 28 viser næringsstrukturen i Valle kommune (privat sektor).

Næringsstruktur - privat sektor




Nomeland maskin AS (Grunnarbeid), Knut Hovet installasjonar AS (elektrisk installasjonsarbeid) og Brødrene Tveiten maskin AS (Grunnarbeid) er dei største bygg og anleggsverksemdene i Valle.

Figur 28. Næringsstruktur privat sektor. Kjelde: Agdertall.

8.2 Bo, arbeidsmarknad og pendling

Bykle er senterkommune for Valle, og 6,5 % av dei sysselsette med bustad i Valle arbeider i Bykle per 4. kvartal 2023. 70,1 % arbeider i Valle kommune. Volumet på ut- og innpendlinga heng naturleg nok saman med sentraliteten og minkar med aukande arbeidsreiseveg.



Figur 29. Arbeidsstedskommunar. Kjelde: Agdertall.

8.3 Inntekt

Eiga inntekt gir handlingsrom i eige liv. Det er ein direkte samanheng mellom økonomiske ressursar og helse, sidan privatøkonomien påverkar tilgangen til helsefremjande forbruk. Majoriteten av befolkninga i Noreg har ein relativt høg levestandard og tilhøyrar hushald med god økonomi. Likevel er det nokre som lever med ei inntekt og levestandard som ligg betydeleg lågare enn den generelle levestandarden i samfunnet. Svak eller manglande tilknytning til arbeidslivet er ein viktig årsak til fattigdom og låg inntekt. Låg inntekt aukar sannsynet for dårleg sjølvopplevd helse, sjukdom og tidleg død.

Lønnsnivået i Agder er lågare enn landet som heilskap, medan Valle kommune ligg over snittet i fylket.

Samstundes har 7,6% av Valles befolkning vedvarande låg inntekt. Vedvarande låg inntekt er ei måling av delen av befolkninga som lever i hushald der samla hushaldsinntekt gjennom tre år er lågare enn 60 pst. av medianinntekta.

8.4 Likestilling og inkludering

Agder skil seg negativt ut på ei rekke område innan likestilling. Kvinner i Agder tener i gjennomsnitt mindre enn kvinner i resten av landet. I tillegg tener dei mindre enn menn. Det er færre kvinnelege representantar i kommunestyra og færre kvinnelege leiarar i Agder enn i resten av landet.

Agder har det høgaste talet kvinner som arbeider deltid i landet. Dette har fått stor merksemd over lang tid, sidan det er likestillingsindikatoren der regionen skil seg mest frå landsgjennomsnittet, samstundes som det påverkar ei rekkje andre levekårsrelaterte forhold. Deltidsarbeid er ein av dei viktigaste grunnane til at kvinner i gjennomsnitt tener dårlegare enn menn, og inntektsulikskap over tid fører til mindre økonomisk sjølvstende og dårlegare

pensjonsopptening for framtida. Deltidsarbeid er ei konsekvens av både strukturelle og kulturelle forhold, og frivillig og ufrivillig deltidarbeid heng tett saman.

Valle har eit høgare gjennomsnitt av deltidstilsette kvinner frå 22-66 år enn landsgjennomsnittet og fylkesgjennomsnittet, sjølv om det ikkje er den verste kommunen i fylket. Gjennomsnittet for deltidstilsette menn i Valle kommune er og høgare enn landsgjennomsnittet. Talet på deltidstilsette kvinner er dobbelt så høgt som talet på deltidstilsette menn i Valle kommune.

20-66 år	Begge kjønn	Menn	Kvinner
Valle	33,1	20,6	47,1
Agder	31,8	18,6	46,5
Norge	26,5	16,7	37,3

Figur 30. Talet deltidstilsette. Kjelde: NAV.

8.5 Arbeidsledigheit



Valle har per august 2023 fire personar som er heilt arbeidsledige. Dette utgjer omtrent 0,5% av arbeidsstyrken i Valle. Per august 2023 er det ingen permitterte arbeidssøklarar i kommunen, ifølgje NAV. Sjå figur 31 frå arbeidsløyerapporten basert på arbeidsstyrketala for 2022. NAVs arbeidsstyrke er utarbeidd med utgangspunkt i sysselsetjingstal frå Statistisk sentralbyrå og registrerte heilt arbeidsledige frå NAV. Sysselsetjingstala er baserte på SSBs arbeidskraftundersøking.

Kommunefordelt ledighet i Agder august 2023



Det er til sammen 2 999 helt ledige i Agder, 1,9 prosent av arbeidsstyrken mellom 15 og 74 år.

Siste måned har antall helt ledige økt med 24 personer. Delvis ledige har økt med 127 og arbeidssøkere på tiltak har økt med 103 personer i samme periode.



Figur 31. Arbeidsledigheit i Agder. Kjelde: NAV.

8.6 Utanforskap frå arbeidslivet

Data viser at en større del av befolkninga står utanfor arbeidslivet i Agder i 2022 enn for 10 år sidan. Utanforskapet aukar dessverre både i Agder og i resten av landet, delvis som følge av fleire uføre. Talet av befolkninga mellom 15 og 74 år som er sysselsett i Agder var på 65,5% i 2022. Dette utanforskapet er ikkje like tydeleg i Valle kommune, men det er et scenario som må forebyggast så langt det lar seg gjere.

8.7 Oppsummering

Valle kommune har ein høg sysselsettingsgrad på 82,8%, over landsgjennomsnittet. Bygg- og anleggssektoren, private helsetenester, barnehagar og undervisning, samt forretningstenester, opplever vekst i Setesdalsregionen. Til trass for høg sysselsetting, opplever 7,6% av befolkninga vedvarande låginntekt. Agder skil seg negativt ut når det gjeld likestilling, med blant anna høg andel kvinner i deltid og lågare lønningar for kvinner enn i resten av landet. Valle har òg høg andel deltidstilsette, særleg blant kvinner. Arbeidsløysa er låg i kommunen, men utanforskap er aukande i Agder.

9. KULTUR OG FRITID

Kultur, idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, samt arenaer for tru og livssyn, er viktige for innbyggjarane sine levekår. Dei bidrar til å utvikle kreativitet og god folkehelse, og til deltaking og sosial integrering.

9.1 Kulturtilbod og kulturattraktivitet

Norsk kulturindeks er ei årleg oversikt over kulturtilbod og kulturattraktivitet i norske kommunar. Telemarksforsking har rangert kommunane i Noreg basert på ei rekke datakjelder. Kommunane blir vurdert i ti kategoriar, i tillegg til ei samla vurdering som er summen av desse ti.

Valle kommune hamnar på 47. plass i Norsk kulturindeks i 2022 med 211 poeng, medan Oslo er på førsteplass. Dersom ein samanliknar stader i Agder, kjem Valle på andre plass, like etter Bykle, med Kristiansand på tredjeplass. Figuren 32 viser Valle si rangering.

	Poeng	Plassering
Kunstnere	17	79
Kulturarbeidere	41	4
Museum	36	14
Kulturarrangement	3	225
Kino	13	151
Bibliotek	34	94
Scenekunst	8	108
Kultur for barn	46	16
Sentrale tildelinger	4	130
Frivillighet	8	313


Figur 32. Rangering – Norsk kulturindeks. Kjelde: Telemarksforsking.

9.2 Fritidstilbod

Fritidstilbod er ein viktig del av barn og unges oppvekst. Deltaking i ulike fritidsaktivitetar gir moglegheit til å gjere noko saman med andre, vere ein del av eit fellesskap, få nye vener, vere aktive og oppleve meistring. Organiserte fritidsaktivitetar er ei viktig kjelde til fellesskap, identitet og meistring blant ungdom, og dei aller fleste deltek i organiserte fritidsaktivitetar i løpet av oppveksten.

I den nasjonale Ungdata-undersøkinga ser ein, ein markant nedgang i talet som er med i organiserte fritidsaktivitetar dei siste åra, og endringa er størst på ungdomstrinnet.

Figur 33 viser ein høg andel på ungdomsskolenivå som er med i ein organisasjon, klubb, lag eller foreining. Talet ligg godt over gjennomsnittet for fylket og landet. Men på vidaregåande nivå er talet under snittet for fylket og landet.



Figur 33. Talet elevar som er med i ein organisasjon. Kjelde: Agdertall.

9.3 Kulturskule

Dei kommunale kulturskulane er av uvurderleg betydning for kulturaktivitetane og kulturarbeidet i heile landet, og er ein av hjørnesteinane i den kulturelle grunnmuren. Dei utgjer òg eit viktig fritidstilbod for barn og unge.

Talet barn mellom 6 og 15 år i kommunen sin kulturskole ligg høgare enn snittet i Agder og i landet elles.



Figur 34. Talet barn 6-15 år i kulturskole. Kjelde: Agdertall.

9.4 Idrettsaktivitet og anlegg

Å vere fysisk aktiv gir glede og meistring for mange. Fysisk aktivitet er samstundes nødvendig for å utvikle og oppretthalde god helse og livskvalitet gjennom heile livet. Sjølv om mange er aktive, trengst det ein regional satsing for at fleire skal vere fysisk aktive i kvardagen der dei bur. Regional plan for fysisk aktive liv i Agder er planlagt vedteken hausten 2024.

Telemarksforsking si idrettsindeks har rangert kommunar i høve til tal aktive delt på innbyggjartalet i same aldersgruppe. Samla i alle aldersgrupper er Valle kommune rangert på 137. plass, med 29,76 % aktive.

Telemarksforsking sitt anleggsregister inneheld ei oversikt over store og små anlegg i heile landet. For å kunne samanlikne små og store anlegg, har vi gjeve alle anleggstypar ulike anleggs-poeng. Summen av desse poenga blir brukt til å vurdere anleggssituasjonen i kommunane.

Valle kommune er rangert til ein 13. plass.

9.5 Oppsummering

Kultur, idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv spelar ein vesentleg rolle for innbyggjarane sin trivsel og sosiale integrering, samtidig som det bidrar til glede og meistring. Fysisk aktivitet er nødvendig for å utvikle og oppretthalde god helse og livskvalitet gjennom heile livet.

Regional plan for fysisk aktive liv i Agder er planlagt vedteken hausten 2024 for å fremje fysisk aktivitet i regionen.

Valle kommune er rangert på 137. plass i Telemarksforsking sin idrettsindeks, med 29,76% aktive delt på innbyggjartalet i same aldersgruppe.

I Telemarksforsking sin anleggsregister er Valle kommune rangert som nummer 13, med ei oversikt over store og små anlegg i heile landet.

Kombinert med dette, plasseringa som nummer 47 i Norsk kulturindeks 2022, etter Bykle, og den betydelege deltakelsen i kommunale kulturskolar, indikerer ein generell satsing på kultur, idrett og fysisk aktivitet i Valle kommune.

10. HELSE OG LIVSKVALITET

God helse er vår viktigaste ressurs. God helse og livskvalitet er ein grunnleggjande føresetnad for at menneske skal kunne nå sitt fulle potensial og bidra til utvikling i samfunnet.

Helsetilstanden til den einskilde heng tett saman med andre utviklingstrekk i samfunnet og blir påverka av miljø, økonomi og sosiale forhold.

Når ein samanliknar ulike grupper i samfunnet, finn ein systematiske forskjellar i helse. Grupper med lengre utdanning og høgare inntekt har ein større del med god helse enn grupper med kortare utdanning og lågare inntekt. Helseforskjellane finn me i alle aldersgrupper. Nokre forhold kan truleg påverka oss gjennom heile livet, og difor kan uheldige sosiale forhold føra til at helseproblem blir akkumulerte gjennom livsløpet.

Å redusera sosiale forskjellar i helse er eit hovudmål for folkehelsearbeidet og er eit viktig innsatsområde både fordi eit samfunn med store forskjellar har ei rekkje negative konsekvensar, men også fordi det er eit rettferdsproblem.

10.1 Livskvalitet og psykisk helse

Livskvalitet vert ofte delt inn i to dimensjonar: Den subjektive livskvaliteten handlar om korleis livet opplevast for den enkelte. Den omfattar både vurderingar av livet (t.d. livstilfredsheit) og fungering i kvardagen (t.d. oppleving av meistring og mening), samt positive og negative følelsar (som glede og tristheit). Den objektive livskvaliteten handlar om sentrale sider ved livssituasjonen – som fridom, tryggleik, helse, fellesskap og sjølvutvikling.


Livskvalitetsomgrepet overlappar dermed delvis med både psykisk helse og levekår: Den subjektive livskvaliteten overlappar særleg med psykisk helse; den objektive med levekår.

Folkehelseundersøkinga viser at Valle kommune er ein av kommunane som har lågast del menneske med psykiske plagar. Likevel er det ganske jamt mellom kommunane i Agder, og med ein prosentdel på over 10%, er det viktig å førebyggja og redusera talet.




Figur 35. Talet med psykiske plagar. Kjelde: Agdertall.

24 % av dei som har svara på Ungdata, oppgjer å ha høg livskvalitet. Det er ein høgare del gutar enn jenter som oppgjer å ha høg livskvalitet i Agder. Indikatoren følgjer ein sosial gradient, det vil seia at det er fleire av ungdommane som kjem frå familiar med høg sosioøkonomisk status (SØS) som oppgjer å ha høg livskvalitet. Sosioøkonomisk status er målt ut frå spørsmål om familiens ressursar, mellom anna foreldra si utdanning, og materielle goder dei eig og har tilgang til.




Figur 36. Livskvalitet. Kjelde: Agdertall.

Einsomheit kan forringe livskvaliteten, påvirke menneskers følelse av meistring og føre til risiko for dårligere helse. Einsomheit er ein subjektiv følelse, og er ikkje nødvendigvis det same som at ein ikkje har nokon å vere saman med. Valle ligg under fylkes- og landsgjennomsnittet når det gjeld delen av elevar som har vore plagde av einsomheit, både på ungdomsskolenivå og vidaregåande nivå.



Figur 37. Talet elevar som har vert plaga av einsomheit. Kjelde: Agdertall.

Når ein ser på heile befolkninga og inkluderer alle aldersgrupper, er Valle ein av dei som har høgast del av personar som opplever einsomheit.




Figur 38. Talet personar som opplever einbsomheit. Kjelde: Agdertall.

10.2 Lokalmiljø

Å vekse opp i eit nabolag og lokalsamfunn prega av fellesskap, sosial samhandling og ulike fritidsaktivitetar fremjar trivsel og helse blant barn og unge. I tillegg er opplevinga av tryggleik i nærområdet ein viktig aspekt ved livskvaliteten til befolkninga.

Å ha god og enkel tilgang til ulike typar fasilitetar og servicetilbod lokalt blir trekt fram som ein av dei viktigaste faktorane for å gjere byar og lokalsamfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige. Det kan være at kommunesenter har eit variert arbeidsliv, teneste- og opplevingstilbod, samt at tilgjengelegheita til parkar, natur og friluftsområde er god.

Valle kommune skårar over fylkes- og landsgjennomsnittet når det gjeld ungdomsskolenivå og vidaregåande nivå når det kjem til elevar som er nøgde med lokalmiljøet.



Figur 39. Talet elevar som føler seg nøgd i nærområde. Kjelde: Agdertall.

10.3 Trygghet i nærmiljøet

Opplevinga av tillit, tilhørsle og tryggleik er viktige aspekt av livskvaliteten og ein målestokk for sosial kapital. Folkehelseundersøkinga syner at befolkninga i Agder opplever ein høg grad av tryggleik i nærmiljøet.

I Valle føler 98% av befolkninga seg trygge.




Figur 40. Talet som føler seg trygg i nærmiljøet. Kjelde: Agdertall.

10.4 Vold og overgrep

En nasjonal studie som vart publisert i 2023 viser at omfanget av vald i Noreg framleis er høgt. Ein stor del både kvinner og menn blir utsett for vald, og det er skilnader mellom kjønna når det gjeld kva type vald dei blir utsett for og kven som er utøvar. Vald aukar risikoen for fysiske og psykiske helseproblem, sosiale vanskar, redusert deltaking i arbeidslivet og rusproblem. Valden har òg store samfunnsøkonomiske kostnader. Voldsutsattheit og sosiodemografiske faktorar som utdanning, økonomi og sivilstatus er nært knytte saman.

Nesten 40 % av dei som svarte i den nasjonale studien, rapporterte at dei hadde vore utsett for minst éin form for alvorleg fysisk vald etter dei fylte 18 år. Dette gjeld for nesten halvparten av alle mennene i undersøkinga, som er meir utsette for denne typen vald enn kvinner er. Fleire kvinner enn menn vart derimot utsette for gjentatte tilfelle av alvorleg fysisk vald. Dette kan ha samanheng med kven henholdsvis kvinner og menn oppgjer som utøvar. Alvorleg fysisk vald frå kjærast, partner eller tidlegare partner er langt meir utbreidd blant kvinner enn blant menn.

Talet elevar som har vorte utsette for vald frå andre ungdommar det siste året i Valle kommune, er høgare enn talet for både fylket og landet.



Figur 41. Talet elevar som har blitt utsett for vold. Kjelde: Agdertall.

10.5 Oppsummering

God helse er avgjerande for livskvaliteten til innbyggjarane. Helsetilstanden til den enkelte er nært knytt til samfunnsutviklinga og blir påverka av miljø, økonomi og sosiale forhold. Livskvalitet og psykisk helse blir ofte delt inn i to dimensjonar: subjektiv og objektiv.

Ein studie frå Ungdata viser at 24 % oppgjer å ha høg livskvalitet, med ein høgare del gutar enn jenter i Agder opplever dette. Sosioøkonomisk status har ein påverknad på dette, der ungdom frå familiar med høgare ressursar rapporterer høgare livskvalitet. Einsomheit kan redusere livskvaliteten, noko som også påverkar meistring og helse.

Valle ligg under gjennomsnittet når det gjeld talet elevar som føler seg einsame, men når ein ser på heile befolkninga, er talet som opplever einsomheit høgare i Valle enn i resten av landet og fylket.

Eit lokalsamfunn prega av fellesskap, varierte fritidsaktivitetar og tryggleik er viktig for trivsel og helse, spesielt for barn og unge. Tilgang til fasilitetar og tenester lokalt er ein viktig faktor for å gjere byar og lokalsamfunn inkluderande, trygge og berekraftige.

Valle scorar over gjennomsnittet når det gjeld ungdom som er nøgde med lokalsamfunnet. Opplevd tillit, tilhørslse og tryggleik er viktige aspekt av livskvaliteten og sosial kapital.

Vold og overgrep er ein bekymring, med ein høg andel elevar som blir utsette for vold i Valle kommune samanlikna med gjennomsnittet for fylket og landet.

På den positive sida, opplever 98 % av Valle sin befolkning stor tryggleik i nærmiljøet ifølgje Folkehelseundersøkinga i Agder.

11. EKSTERNE HØVE

11.1 Internasjonal økonomi

Den økonomiske makta i verda dreier seg lengre og lengre mot aust og sør, medan vestleg dominans minkar. Medan nokre land har sett ein auke i proteksjonistiske tiltak og nasjonalisme, vil globaliseringa truleg halda fram med å forma verdsøkonomien. Internasjonal handel, investeringar og migrasjon vil halda fram med å påverka økonomiane rundt om i verda. Uro i finansmarknadene kan halda fram med å vera ei kjelde til bekymring, spesielt med tanke på gjeldsnivå, volatilitet og potensielle bobler i ulike aktivum.

Ein kan forventast ein redusert produksjon i takt med elektrifiseringa. Ein kan forventast svingingar og lågare oljeprisar, som blir påverka av geopolitiske hendingar, tilbod og etterspurnad, og dessutan internasjonale avtalar. Nedgangen i oljeinntekter kan ha store økonomiske konsekvensar for Noreg, då olje- og gassektoren tradisjonelt har vore ein viktig bidragsytar til økonomien i landet. For å møte desse utfordringane kan Noreg søkja å diversifisera økonomien ved å investera i andre sektorar som fornybar energi, teknologi, og maritim industri, og dessutan å byggja opp ein solid fondsbase gjennom Statens pensjonsfond utland (Oljefondet) for å sikra økonomisk stabilitet på lang sikt.

11.2 Sikkerheitsbilete

Tryggingsbiletet i både Noreg og verda er komplekst og stadig i endring, påverka av ei rekkje faktorar inkludert geopolitiske forhold, teknologisk utvikling, og sosioøkonomiske trendar. Når me ser framover, er det fleire nøkkelområde som kan påverka tryggleiken både nasjonalt og globalt: Cybertruslar, territorielle konflikter, terrorisme, sosioøkonomiske truslar og teknologiske truslar. I lys av desse utfordringane må nasjonale styresmakter og det internasjonale samfunnet samarbeida for å handtera truslane mot tryggleiken. Dette kan innebera investeringar i beredskap og tryggingstiltak, diplomatiske initiativ for konfliktløysing, og internasjonalt samarbeid om å regulera nye teknologiar. Det er også viktig å vera merksam på at tryggingsskapet er dynamisk, og at nye truslar kan oppstå over tid, noko som krev kontinuerleg overvaking og tilpassing av strategiar og tiltak.

11.3 Folkehelseprofil

Folkehelseprofil for Valle kommune vedleggast som ein del av kunnskapsgrunnlaget.

Kunnskapsgrunnlag



Valle
i Setesdal

Valle kommune
Postboks 4
4746 Valle

Sentralbord: +47 37 93 75 00
E-post: post@valle.kommune.no
www.valle.kommune.no
